

Dykkar ref.

Vår ref.

25/4027-24

Dato:

23.09.2025

Delegert – Byggesak/tilsyn/miljøforvaltning

Delegert saksnr: 1302/25

Forkorting av namn på to gågater - Straume sentrum**Vedtak:**

I medhald av matrikkellova § 21 og stadnamnlova § 7 gjer Øygarden kommune vedtak om forkorting av to adressenamn:

Akode: 4062: Alexander Dale Oens g.**Akode: 4063: Johannes Kleppeviks g.****Kort om saka:**

Retningslinjer for adressering og tildeling av adressenamn i Øygarden kommune vart vedteke 17.06.21(KS-sak 091/21). Gjennom retningslina vart det oppretta eit admenistrativt namneutval. Eining for arealforvaltning er delegert namnemynde for kommunen. Namneobjekt av stor offentleg betydning vert ikkje delegert.

Stadnamnslova har reglar om at adressenamn med meir enn 22 posisjonar i matrikkelen, skal ha ein forkorta versjon, jf. Matrikkelforskriften § 51 fyste ledd. Det er difor naudsynt å vedta forkorting på to av namna som vart vedteke i plan- og miljøutvalet saksnr. 042/25.

Oversikt over gågater som treng forkorting av adressenamn:

Akode	Vedteke namn	Vedtak for forkorting
4062	Alexander Dale Oens gate	Alexander Dale Oens g.
4063	Johannes Kleppeviks gate	Johannes Kleppeviks g.

Besøksadresse
Øygarden rådhus
Foldnesvegen 1
5354 STRAUME

Postadresse
Ternholmvegen 2
5337 RONG

Kontonummer
6130.05.01590
Organisasjonsnummer
922 53 0890

E post
postmottak@oygarden.kommune.no
Telefon
56 16 00 00

Saksopplysningar:

Saka gjeld forkorting av to gågatenamn, Akode 4062 og 463.

To av dei vedtekne namna har meir enn 22 posisjonar, og treng difor ei forkorting av namnet til bruk i alle offentlege og private register. Medan tilvisingsskilt kan ha det fulle namnet for adressenamnet. Det skal vera punktum bak forkortinga, og ein hovudregel er at etternamn ikkje skal forkortast.

Aktuelle forkortinger er:

- gate, gaten, gata: g.
- vei, veg, veien, vegen: v.
- terrasse: terr.
- plass: pl.

Forkortinger ved personnavn i adresser:

1. Kort først ned endelsen av adressenamnet, for eksempel Elveparken terr.
2. Kort deretter eventuell titulering, for eksempel Dr. Martha Persens g.
3. Kort ned fornavnet, for eksempel Th. Kittelsens vei/ P.A. Munchs gate.

Bilete henta frå Adresseveiledaren til Kartverket

Vurdering:

Kommunedirektøren vurderer at forkorting av gate til g. er den beste løysinga. Alexander Dale Oens g. og Johannes Kleppeviks g. er namna som vert brukt i offentlege og private register.

Med helsing

Are Frøysland Grande
Einingsleiar

Gro Elisabeth Hjørnevik
oppmålingsingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur

Klagerett:

Det er klagerett på vedteke skrivemåte av adressenamn.

Vedtaket kan påklagast av dei som etter Stadnamnslova § 6 (bokstav a-c), har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn Jf. Stadnamnlova § 12 – Klage.

- a. eit offentleg organ og andre som er nemnde i § 1 tredje ledd*
- b. eigaren eller festaren i sakar som gjeld namn på eige gardsbruk eller eigedom*
- c. ein lokal organisasjon med særleg tilknyting til eit stadnamn*

Klagefristen er 3 veker frå kunngjering. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen, jf. Forvaltningslova §§ 29 og 30. Klaga skal grunngivast og sendast skriftleg til kommunen, jf. Forvaltningslova § 32. Side 10 av 10

Kommunen handsamar klagen i tråd med gjeldande lovverk. Dersom klagen ikkje vert teke til følge, vert saka sendt til Klagenemnda for stadnamnsaker. Klagenemnda sitt vedtak er endeleg.